



Frank Blindheim  
Høgdene 15  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3663 - 14/13698

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
15.09.2014

## RETUR AV IKKJE GODTEKE SØKNAD OM LØYVE TIL OPPFØRING AV MUR PÅ GBNR. 1/389 PÅ FLATØY

Det vert vist til sølnad motteke 04.09.2014 om løyve til oppføring av mur i nabogrense på gbnr. 1/389 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningslova (Pbl) § 20-2 («tiltak utan krav om ansvarsrett»).

Oppføring av mur er i utgangspunktet eit søknadspliktig tiltak. Jf. Pbl. § 20-1. Følgjande murar er likevel unnateke frå søknadsplikt, jf. Saksbehandlingsforskriften (SAK10) § 4-1 bokstav c, nr. 5 :

- Murar med inntil 1m høgde som vert plassert minst 2m frå nabogrenser.
- Murar med inntil 1,5m høgde som vert plassert minst 4m frå nabogrenser.

Felles vilkår for begge desse alternativa er at muren ikkje hindrar sikta i frisiktsoner mot veg og at muren er i samsvar med gjeldande arealplanar for området.

Dersom muren er fritatt frå søknadsplikt etter SAK10 § 4-1 kan tiltakshavar sjølv vere ansvarleg for gjennomføringa. I dei tilfelle muren ikkje vert omfatta av nemnde unntaksføresegn må derimot eit ansvarleg føretak førestå prosjektering, søknad og utføring, jf. pbl. § 20-1 andre ledd.

Den omsøkte muren vert på sitt høgaste 2,6 meter og må difor omsøkjast av eit ansvarleg føretak, jf. Pbl § 20-1.

Før kommunen kan handsame ein søknad om byggjeløyve må søknaden innehalde naudsynte opplysningar og dokumentasjon i samsvar med pbl. § 21-2 første ledd. Kommuneadministrasjonen viser i den samanheng til andre ledd i same lovføresegn:

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

«Dersom tiltaket ikke kan forestås av tiltakshaver, jf. § 20-1 andre ledd, skal det sammen med søknad om tillatelse, så langt det er nødvendig, søkes om lokal godkjenning for ansvarsrett for ansvarlig søker, ansvarlig prosjekterende, ansvarlig utførende og ansvarlig kontrollerende for prosjektering og utførelse, jf. kapittel 22 og 23. Søknaden skal gi de opplysninger som er nødvendige for at kommunen kan tildele ansvarsrett. Søknad om lokal godkjenning for ansvarsrett skal være undertegnet av foretaket som søker om ansvarsrett.» (Administrasjonen si understreking.)  
Side 2 14/2624 - 3

Ta gjerne kontakt med kommuneadministrasjonen på tlf. 56 17 10 00 dersom du har spørsmål eller merknader knytt til søknadsprosessen.

Saka vert på denne bakgrunn avslutta og søknaden returnert i påvente av innsending av ny komplett søknad om byggjeløyve frå eit føretak med ansvarsrett, jf. Pbl. § 20-1 andre ledd.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Frank Blindheim

Høgden 15

5918

FREKHAUG